

Sak	Leiging og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Dato utsendt på høyring	21.11.16
Høyringsfrist	9.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hib.no ; postmottak@hsh.no ; post@hisf.no
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leiging og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for helse- og sosialfag
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Diskusjonar i AHS leiarmøte, avdelingsmøte, instituttmøte og administrasjonsmøte.
Innspel Bruk fleire sider om det trengs	
Kap 2	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>AHS saknar ei tydelegare vektlegging av dei politiske føringane som er gitt dei siste åra, spesielt i Samspillmeldinga (Meld. St. 13 2011-12). Samspillmeldinga rettar seg mot velferdsutdanningane og stiller krav om intensivering av samspelet med omgjevnader, kvalitetssikring av praksisstudiar og krav om opplæring i tverrprofesjonell praksis mellom anna. Vidare vert dei sosialfaglege utdanningane (barnevern, vernepleie og sosionom) plassert innanfor eit felles fagområde, definert som det sosialfaglege fagområdet.</p> <p>Elles er kapittelet OK og interessant.</p>
Kap 3	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Profesjonsmodellen er tilstrekkeleg forklart og ligg så tett opp til dagens modell at den er lett å forstå. Kunnskapsområdemodellen vert omtala positivt, men det vert ei utfordring å sjå korleis profesjonane skal ivaretakast på instituttnivå. Profesjonsmodellen verker mest realistisk. HVL som profesjonsuniversitet er annleis enn Universitetet i Bergen og profesjonsmodellen reflekterer særaneheter som gjer at vi skil oss frå Universitetet. Fordelen er openbart større med ein organisering etter denne modellen.</p> <p>Disiplinfaga har ein eigenverdi i seg sjølve. Dei kan og ha ein verdi inn i profesjonsutdanningane og må slik sett bli ivaretatt i HVL. Eksempel i helsefagutdanningar kan vere fag som statistikk, vitskapshistorie- og teori og pedagogikk og organisasjonsfag. Det er viktig å ivareta nivå på også denne type kunnskap inn i profesjonsfaga og vi meina at disiplinfaga kan knytast sterkare til profesjonsfaga ved instituttane.</p> <p>Avdelinga meiner at HVL bør ha 3 fakultet og fakulteta bør ha om lag same storleik.</p> <p>Viser til figur 6 på side 21 der ein kommer med døme på instituttnamn. Eitt av tre institutt tykkjer at namnet på fakultet i modell 1 er dekkande.</p>

	<p>To av institutta ønskjer at namnet på Fakultet for helse og velferdsfag skal heite Fakultet for helse-, sosialfag og velferd. Det vil inkludere fleire miljø og også frå samfunnsfaglige disiplinar. Dette må vegast opp imot namnets lengde.</p> <p>Det mest tenelege vil vera å venta med å namngi fakulta til vi veit meir om kva studieprogram som skal liggja under dei ulike institutt/fakultet.</p>
<p>Kap 4</p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Prinsipp for organisering nivå 3</p> <p>Avdelinga er einige i dei prinsipp som ligg til grunn for etablering av institutt. Det må avklarast kva som ligg i omgrepet: «studentnære administrative funksjonar på instituttnivå». For å ivareta heilhet meiner AHS at dei studieadministrative tenestane bør leggjast på fakultetsnivå.</p> <p>Det er viktig å påpeike at eit institutt ikkje kan bli større enn eit fjerde fakultet.</p> <p>Utredninga har kome svært kort med tanke på å gjere prioriteringar mellom ulike modellar på nivå 3.</p> <p>Forskning er lite omtalt i denne høringa.</p> <p>Om ein opnar for at enkelte miljø kan organiserast som ein School står ein i fare for etablering av former for kvasifakultet/institutt. Her må det ryddast og gjerast prioriteringar.</p> <p>Stipendiatar bør knytast til instituttane/sentra.</p> <p>Etablering av senter på nivå 3 må grunngjevast med utgangspunkt i forskningstematikkar som ikkje let seg dekke gjennom prosjekt eller forskningsprogram innanfor institutt eller fakultet. Eller område der ein tek nasjonalt ansvar for heile HVL.</p> <p>AHS si erfaring med uformelle understrukturar på nivå 4 er ikkje vellukka. Fagleg ansvar vert delegert til den med profesjonsutdanning /-kunnskap, men det følgjer ikkje med økonomi og personalansvar. Eit meir eintydig nivå på nivå 4 bør diskuterast i den følgjande prosessen.</p>
<p>Kap 5</p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>Det er noko ulike meiningar om einskapleg leiing ved AHS på nivå 1 og 2. Vi er spørjande til at HVL skal innføra dette som den einaste høgskule. Resten av høgskular og universitet i Noreg har administrativ leiing og på nivå 1. Vi meiner at det bør vera nokon som har ansvaret for administrativ styring av verksemda.</p> <p>I blandingsmodellen er det foreslått at ein prodekan skal ha fagleg og administrativt ansvar for til døme forskning og undervisning. Dette vil bli eit omfattande ansvarsområde for den som vert prodekan. Det vil vera vanskeleg å tilsette ein som skal ha fagleg kompetanse (professor) og samstundes skal ha ansvar og kompetanse innanfor administrative prosessar som verksemdstyring,</p>

digitalisering mm. Det er mange styringsparametre som må føljest opp av administrasjonen. Det er sentralt å sjå samanheng mellom mål, styringsparametre, risikovurderingar og tiltak. Med omsyn til tilbakemeldinga frå departementet ber HiB preg av å vera delt i einingar. Departementet saknar ein heilhet i vurderingar på tvers av avdelingane. For å få dette til meier vi at høgskulen treng ein administrativ leiing med ansvar for å styra verksemda. HVL blir ein større organisasjon samstundes som vi og har ambisjonar om å bli universitet. Dette fører til at ein treng ein profesjonell administrasjon som sikrar ein likeins praksis i organisasjonen. For å få dette til trur vi at høgskulen er best tent med administrativt leiing på både nivå 1 og 2 i organisasjonen. Dette vil og styrka administrative funksjonar på tvers av fakulteta.

AHS støttar dei prinsippa som er foreslått til leiing på nivå 3. Prinsippa om leiar spenn med personalansvar for inntil 20-30 tilsette vil krevje eit 4. leiarnivå som og må greiast ut.

AHS anbefaler at det etablerast eit prosjekt som har som mandat å få til ein understruktur på nivå 3 og 4.

Råd og utval

Avdelinga er samd i at det bør vera Fakultetsråd med ekstern representasjon.

Vi er og samd i at det må vera Utdanningsutval ved fakulteta. Her foreslår vi å endra namn på utvalet til Utval for kvalitet i utdanninga. Vi tykkjer at namnet på utvalet har stor betydning og at ordet kvalitet derfor bør koma med i namnet. Vi tykkjer og at det må vera ekstern representasjon i dette utvalet. I tabellen over nåverande råd og utval (s. 4) saknar vi Studiekvalitetsutvalet.

Vi tykkjer og at det bør etablerast nokre programstyre med intern og ekstern representasjon som er underlagt Utval for kvalitet i utdanninga. Programstyra vil då ha eit overordna ansvar for dei studieprogram dei skal ha tilsyn med.

Råd for samarbeid med arbeidslivet. Dette rådet er et lite kjent og tydelig råd v/HiB. Vi oppmodar om at referat frå desse møta må formidlast ut i organisasjonen (slik som ved [HSH](#) og andre universitet og høgskular) og koblast til eit overordna årshjul for heile HVL. Dette rådet bør og linkast til tilsvarande råd med arbeidslivet ved fakulteta og institutta.

Det bør utgeiast ut kva for prinsipp som skal gjelda for representasjon i råd og utval.

Andre merknader	<p>Korrekturfeil – antal studentar på Institutt for sosialfag og vernepleie, Vedlegg 2, s. 47-48: Det riktige talet er 513.</p> <p>Ein samanslåing og samordning av studietilbod og forskning inneber å byggje på det som er bra på de ulike campus. Forskjellen mellom HVL og Universitetet i Bergen er bl.a at vi har sterke 3-årige helsefagutdanningar som gir eit mangfaldig tilbod om kliniske masterutdanningar. Dette gjer våre kandidatar etterspurde i ein utfordra helseteneste.</p> <p>Profesjonsutdanningane , ergoterapi, radiografi og fysioterapi er usynlege i dokumentet «delprosjekt leiing og fagleg organisering». Det er ønskeleg at dei ulike profesjonane tydeleggjerast på nivå 3.</p> <p>AHS meiner og at det er bra om administrering av studieprogram leggast under fakultet for å få til ein større grad av standardisering og harmonisering utan at dette skal gå utover faga. Lik praksis/prinsipp politikk. Ein større grad av styring mot den vedtekne strategien og det å oppnå mål verksemda har satt seg. Dette vil gje ein klarere og meir tydeleg styring av verksemda, kvalitetssikring, lik forvaltning og betre utnytting av dei administrative tenestane. Ved å leggja studieprogram under fakulteta flyttas arbeidsoppgåver frå institutt til fakultet. Fag og forskning kan dermed få større fokus på instituttnivå. I rapporten kjem det ikkje fram kvifor studieprogramma skal leggast til institutt.</p>
------------------------	--